

Rapportering for bruk av tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge 2015  
Bydelsbloggen sitt prosjekt «**Få folk ut på vatnet**».

Saksnummer: 2015/65-31

Ressursnummer: 400010

Beløp: 50.000,-

- Skildre gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd.

Me har brukt pengane til å kjøpa fleire kanoar, samt kjøpa inn rastebenkar som skal stå langs strendene og på ulike holmar i Storavatnet. Me har innhenta løyve frå ein grunneigar som eig fleire av holmane i Storavatnet og me kjem til å ro fleire benkar ut på holmane til våren. Alle benkane kan no lett nyttast av folk som kjem med kano eller andre farkostar.

Me ser at Grøntanlegget som blei nytta til friluftsfestivalen, og som er staden der me har alle kanoane og nokre av benkane, blir mykje nytta av turfolk i alle aldrar. Området fungerer som den nye parken på Litlabø. Skuleklassar er kjempeflinke til å låna alle båtane, både saman med læraren sin på dagsturar eller overnattingsturar, men og på kveldstid på sosiale samlingar som foreldre arrangerer. I tillegg er det mange barnehagar, lag og organisasjonar og privatpersonar som nyttar seg av tilbodet.

Grunna veret har det vore større pågang i haust enn i vår. Ho som har ansvaret for å låna ut båtane synest at det er ein kjekk måte å bidra til fellesskapet og har difor i liten grad nytta seg om tilbodet om avlasting frå oss andre. Me er difor sikre på at dette vert eit tilbod me kjem til å halda fram med.

Mei info: <http://bydelsbloggen.blogspot.no/2015/09/lyst-til-padla-pa-storavatnet-du-kan-fa.html>

<http://bydelsbloggen.blogspot.no/2015/09/lyst-padla-pa-storavatnet-du-kan-fa.html>

Rekneskap:

	Inntekter	Ugifter
Støtte frå fylket	50 000	
Dugnad minst 200 timer a 250 kr	50 000	50 000
Kanoar		33 205
Rastebenkar		16 200
Deler av utgiftene til ny hengelås, kjetting, avtalebok.		595
Totalt kr	100 000	100 000

Gi beskjed dersom noko er uklart eller dersom de vil at eg skal skriva rapporten på ein annan måte.

Mvh Lena B Ask 98002387